



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
16/46456-2

Dykkar referanse:  
16/6145

Vår dato:  
15.04.2016

### Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen – Gnr. 27 bnr. 58 – Meland kommune

Vi viser til høyringsbrev dagsett 22.03.2016 om søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for nybygging på eigedom gnr. 27 bnr. 58 i Meland kommune. Søkar ønskje å rive eksisterande fritidsbustad og føre opp 2 tomanns-bustader på eigedommen.

#### Krav om detaljregulering

Eigedommen ligg innafor område B4 i kommuneplanens arealdel, regulert til framtidig bustadområde. Forslått føremål er såleis i tråd med kommuneplanen, men med høgare tomteutnytting.

Området er omfatta av krav til detaljregulering, jf. §1.2.1, men det vert søkt om dispensasjon frå dette kravet. Føremålet med plankravet er m.a. å sikre heilskapleg planlegging og tilstrekkeleg areal til infrastruktur og fellesfunksjonar. Herunder ligg òg vurdering av om kryss med fylkesvegen er tilstrekkeleg til den auka trafikken frå område B4, og om tilhøva for mjuke trafikantar er gode nok.

Statens vegvesen meiner at ein må sjå på konsekvensane av utbygging av område B4 samla, og rår difor ifrå at kommunen tillét parsellvis utbygging. Vi kan ikkje sjå at det føreligg tilstrekkelege fordeler til å veie opp for ulempene ved å ikkje lage ein heilskapleg plan for område B4.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

**Rekkjefølgjekrav knytt til vegutbetring**

I §1.5.6 i føresegna til kommuneplanens arealdel vert det sett krav om nytt kryss ved Krossnessundbrua og trafikksikringstiltak langs fv. 245, før det kan gjevast byggjeløyve til nye tiltak på strekningen Fosse–Håtuft–Ådland. Søkjer skriv at signala er at utbetring av veg og kryss skal startast på nyåret.

Dette er diverre ikkje riktig. Det er framleis svært usikkert når tiltaka knytt til rekkjefølgjekrava i kommuneplanens arealdel kan ventast. I utkast til Nordhordlandspakke er tiltaka rangert som nr. 3 og 12 på lista. Det føreligg reguleringsplan for deler av strekninga, men denne er ikkje kvalitetssikra av Statens vegvesen. Ei oppdatering av reguleringsplanen kan vere naudsynt, og dette gjer det usikkert når tiltaka på fv. 245 blir gjort. På grunnlag av ovannemnde rår Statens vegvesen ifrå at det vert gitt dispensasjon frå føresegn § 1.5.6.

**Oppsummering**

Statens vegvesen rår ifrå at det vert gitt dispensasjon frå §§1.2.1 og 1.5.6 i kommuneplanens arealdel. Vi ber om å få tilsendt vedtak i kommunen.

Plan og forvaltning – Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Fylkesnes AS, Møllendalsveien 6, 5009 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*